



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår referanse:  
60003501/2612559

Ansvarlig advokat:  
Stig J. Harris

Dato:  
28. mars 2023

## **MERKNAD TIL KLAGE PÅ VEDTAK OM DETALJREGULERING AV FV. 564 FLØKSAND- VIKEBØ – PLANID 125620160010**

### **1. Innleiing**

Harris Advokatfirma AS bistår grunneigarar som vert berørt av alternativ A1 ved detaljregulering av fv. 564 Fløksand-Vikebø, under dette Merete og Bjørnar Fløysand som er eigarar av gnr. 305 bnr. 10.

Kommunestyret handsama klage på vedteken detaljplan i møte den 15.12.2022, sak 185/22.

Klage frå Turid Larsen Østerby vart teken til følgje av kommunestyret. Klage frå Arne Gunleiv Haugsvær vart delvis teken til følgje.

Klage frå Gunnar Klemet Bøe, Gunn Margareth og Arne Haugsvær, Bente Fløisand-Larsen, Scholz med fleire og Johannes Romstad vart ikkje teken til følgje.

Fordi to av klagene vart tekne til følgje, er vedtaket rekna for eit nytt enkeltvedtak, som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28.

Arne Gunleiv Haugsvær, Frode Anfinson, Paul-Gerhard Scholz, Terje Fløysand og Ørjan Jacobsen klaga i to brev datert 19.02.2023.

Johannes Romstad klaga på vedtaket i e-post den 03.02.2023 og viser til grunngjeving i si klage datert 23.09.2022.

### **2. Dei med rettsleg interesse i vedteke endring har ikkje klaga**

Kommunestyret tok klage frå Turid Larsen Østerby til følgje. Larsen Østerby eller Vestland fylkeskommune, som har rettslig klageinteresse, har ikkje klaga på endringsvedtaket.

Kommunestyret tok klage frå Arne Gunleiv Haugsvær delvis til følgje. Haugsvær eller Vestland fylkeskommune, som har rettslig klageinteresse, har ikkje klaga på denne delen av endringsvedtaket.



Dei med rettsleg klageinteresse i kommunestyret sitt endringsvedtak har etter dette ikkje klaga på vedtaket som vart gjort den 15.12.2022 i sak 185/22.

Øvrige klager vart ikkje tekne til følgje og må sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

### **3. Klage frå Haugsvær, Anfinsen, Scholz, Fløysand og Jacobsen**

Anfinsen, Scholz og Fløysand si klage på planvedtaket var handsama av kommunestyret i møte den 15.12.2022 og vart ikkje teke til følgje. Det kjem ikkje fram nye moment som tilseier at det er grunnlag for å ta klaga til følgje no og basert på kommunestyret sitt endringsvedtak av 15.12.2022. Klaga må sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vidare finn vi grunnlag for å kommentere at klagarane gir uttrykk for at valgt løysing er ei ulempe for både Rosslandsvegen nr. 1070, 1074, 1075, 1080, 1082, 1084, 1090 og 1091.

Forutan Rosslandsvegen nr. 1074, som er eigd av Paul Scholz, så har ingen av øvrige grunneigarar som vert nevnt klaga på vedtaket.

### **4. Klage frå Romstad**

Klage i e-post den 03.02.2023 viser til grunngjeving gitt i klage datert 23.09.2022. Denne klaga er allereie vurdert av kommunestyret i møte den 15.12.2022 og er ikkje teken til følgje. Klaga må sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

### **5. Avslutning**

Kommunestyret tok to klager til følgje i møtet den 15.12.2022. Ingen av dei med rettsleg klageinteresse i endringane har klaga på vedtaket.

Øvrige klager har allereie vore handsama av kommunen i møte den 15.12.2022 og er ikkje tekne til følgje. Klage på kommunestyret sitt vedtak i møte den 15.12.2022, sak 185/22, må sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennlig hilsen  
Harris Advokatfirma AS

Marianne Aadland Sandvik  
Advokat  
mas@harris.no  
911 17 651

*Harris*